

Forskrift om hovudmål i dei kommunale grunnskulane i Sogndal kommune

Heimel: Fastsett av formannskapet i Sogndal kommune den 29.august 2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, [opplæringslova § 15-2 Hovudmål på kvar skole.](#)

§ 1 Føremål og verkeområde

Skulen skal bruka hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med føresette. Forskrifta gjeld for dei kommunale grunnskulane i Sogndal kommune.

§ 2 Hovudmål ved dei kommunale grunnskulane i Sogndal kommune

Hovudmålet på dei kommunale grunnskulane i Sogndal kommune er nynorsk.

§ 3 Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft 1. september 2024.